

Dok. ref. 20/2819-23/SOLSPI

Regelverk for skjenkeløyve i samband med arrangement i forsamlingslokale og andre felleslokale

Hovudregel (jf. alkohollova § 8-9), gjeld for ulike typer lokale, stadar og samanhengar, deriblant `forsamlingslokale og andre felleslokale`:

”Det er forbudt å drikke eller servere alkohol med mindre det foreligger bevilling til dette, og selv om dette skjer uten vederlag” (AL § 8-9 1.ledd).

Det må søkjast om skjenkeløyve for **alle** arrangement i forsamlingslokale og andre felleslokale dersom arrangementet ikkje fell inn under unnataket for hovudregelen (sjå nedanfor).

Firma, lag og foreiningar som **arrangør** kjem ikkje inn under unnataket frå hovudregelen, og må alltid ha løyve for å kunne skjenke alkohol i forsamlingslokale og andre felleslokale. Her finst eit eige unnataket dersom dei arrangerer lukka selskap (for t.d. tilsette eller laget/foreininga sine medlemmer) i **eigne lokale** (fimalokale, klubbhus o.l.). Ta kontakt med kommunen for meir informasjon.

Unntak frå hovudregel - Arrangement som *ikkje* treng skjenkeløyve:

- Private arrangement/lukka selskap, som til dømes bursdagar og bryllaup. Det vil sei tilstellingar som vert haldne av private i leigde/lånte lokale som alternativ til eigen heim, og kor det *ikkje* vert *seld* alkohol.

Men: Dersom gjestelista til eit privat selskap vert utvida utover ein nær krets av venner og familie er det ikkje lengre eit lukka selskap, og arrangør må ha skjenkeløyve. Kommunen har avgjerdsmynden i tvilstilfelle.

Alkohol mot vederlag – sal av alkohol

All servering av alkohol mot *vederlag* (= sal av alkohol) er forbode utan løyve (jf. AL §1-4).

Her finst *ingen* unntak. Det vert rekna som vederlag sjølv om betaling vert sett til sjølvkost/innkjøpspris eller til underpris. Det same gjeld når alkohol er lagt inn i ein billettpris/inngangssum/kuvertpris. Til dømes vert ein velkomstdrikk med alkohol rekna som sal av alkohol dersom den inngår i ein billettpris/kuvertpris.

Søknad om skjenkeløyve

På Øygarden kommune sine heimesider finn de elektronisk søknadsskjema for søknad om skjenkeløyve. Same skjema skal brukast både for *ambulerande skjenkeløyve* og *skjenkeløyve for ein bestemt anledning*. Forskjellen mellom desse løyva er mellom anna:

- **Ambulerande skjenkeløyve** – eit løyve som gjeld for eit lukka arrangement. Dvs. at det må vere ein slutta krets av personar som er samla for eit bestemt føremål. Deltakarane må ha ein viss tilknytning til den/dei som inviterer til selskapet og til kvarandre. Det er ikkje nok at ein på førehand har skrive seg på ei liste eller kjøpt billett. Slike arrangement kan ikkje på nokon måte annonserast (i media, ved oppslag, eller opent på sosiale medium el.l.). Eksempel: Medlemsfestar og firmafestar i lånte eller leigde lokale.
- **Skjenkeløyve for ein bestemt anledning** – gjeld opne/offentlege arrangement. Dette er arrangement som er opne for allmenta eller ein utvida krets personar, og som kan annonserast. Her treng ikkje deltakarane å ha tilknytning til arrangør og kvarandre. Arrangement i denne kategorien krev tilpassa vakthald og rutinar for korleis regelverket skal overhaldast. Eksempel: konsert, festival, bygdafest, quiz-arrangement, russearrangement, venners/venners fest osv.

Dersom tvil om eit arrangement er ope eller lukka, er det kommunen som har avgjerdsmynden.

Øygarden kommune er løyvegjevar og kan kontaktast for spørsmål og rettleiing:

- Sentralbord: 56 16 00 00
- E-post: postmottak@oygarden.kommune.no
- Direkte kontakt i innbyggjartorga

Rapportering til politiet

Rapportering til politiet følger av politivedtektene og gjeld for alle typar arrangement, både med og utan skjenking av alkohol. Politiet vurderer på eige grunnlag om arrangement kan tillatast eller ikkje.

- **Søknadspliktige** arrangement – Arrangørar av opne arrangement på offentlig stad av eit visst omfang, for eksempel konsertar, festivalar o.l., må søkje politiet om løyve innan ein frist gitt av politiet (jf. politivedtektene § 7-1).
- **Meldepliktige** arrangement – Arrangørar av alle typar opne arrangement (alment tilgjengeleg) må melde frå til politiet minst 4 veke på førehand. Også lag og foreiningar som held tilstellingar for sine medlemmer (av selskapeleg eller underhaldande art) plikter å melde ifrå til politiet, jf. politivedtektene § 7-2.

Kontakt Vest politidistrikt for meir informasjon om rapporteringsrutinar for arrangement:

- Tlf. 55 55 63 00
- Epost: post.vest@politiet.no